

Workshop Regionreforma

Nordfjorderådet og Sunnmøre Regionråd

SWOT analyse for ordførarar og rådmenn 7. september 2016

Formålet med workshop Regionreforma er å gi ei systematisk tilbakemelding til fylkeskommunene frå medlemmane i dei aktuelle regionråda. Det blir utarbeida ein prosjektrapport som blir oversendt fylkeskommunene og kommunene i etterkant av samlinga.

Samlinga er også ein viktig felles møteplass for dei to regionråda.

Workshopen vil ta utgangspunkt i eit enkelt analyseverktøy – SWOT-analyse. Denne arbeidsmetoden gir rom for å samle inn individuelle tilbakemeldingar samt kollektive gruppeinnspel. Eit omfattande informasjonsmateriell blir systematisk samla inn på kort tid. Detaljar på dette tek vi på samlinga. Det blir gjennomført fire runder med gruppearbeid etter prinsippkissa nedanfor.

Førebuing

Det kan vere formålstenleg for samlinga om ordføraren orienterer formannskapet om denne workshopen, og legg opp til ein samtale for å samle inn synspunkt og tankar om regionreforma.

Ordføraren kan ikkje stille med mandat til samlinga, då samlinga ikkje har noko form for vedtaksmynde.

Politisk haldning og administrativ kontrollgruppe

Ordførarane vil bli delt inn i arbeidsgrupper på 4-6 deltakarar, der vi blandar deltakarar frå begge regionråd.

SWOT-analyse	
Dagens fylkesstruktur	Valgfritt Scenario (30 års-perspektiv)
<ul style="list-style-type: none">• Styrke	<ul style="list-style-type: none">• Muligheiter
<ul style="list-style-type: none">• Svakheit	<ul style="list-style-type: none">• Truslar
Valgfrie scenarier for arbeidsgruppene	
<u>Scenario 1</u> Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir vidareført som i dag	
<u>Scenario 2</u> Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
<u>Scenario 3</u> Møre og Romsdal og Nordfjord blir eit nytt fylke	
<u>Scenario 4</u> Sunnmøre og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
<u>Scenario 5</u> Sunnmøre og Nordfjord blir eit nytt fylke.	
<u>Scenario 6</u> Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	

Rådmenn vil bli satt i tilsvarende arbeidsgrupper med lik inndeling, og deira tilbakemelding vil bli samanstillt med den politiske. Dette vil gi eit utfyllande og heilskapleg inntrykk av kva for haldningar det kommunale forvaltningsnivå har til regionreforma.

Dersom det er spørsmål til workshop Regionreforma, ta kontakt med underteikna. Vel møtt onsdag 7. september 2016, kl 09:30 på Hotel Ivar Aasen i Ørsta sentrum.

Erlend Krumsvik
Rådgjevar/Sunnmøre Regionråd IKS
Mob: 410 40 838
e-post: erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no